



## Surnadal kommune

### Plan og utvikling

Det Kongelige Olje- og Energidepartement  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Dykker ref:

Vår ref  
2015/1035-2

Saksbehandlar  
Harald Bredesen

Dato  
20.05.2015

### Høringsuttale frå Surnadal kommune

Høyring – endringar i energilova om krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje

Surnadal kommune viser til høyringsnotat av 15.04.15 «Forslag til endringer i energiloven»

Olje- og energidepartementet har i sitt høyringssvar av 15.04.15 fremma konkrete endringar i dagens energilov. Endringane består i hovudsak av selskapsmessig og funksjonelt skilje mellom nettselskap og anna verksemد for alle energiselskap med inntektsramme fastsett av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Surnadal kommune vil i sitt høyringssvar gi tilbakemelding på lovforslaget knytta til selskapsmessig og funksjonelt skilje.

#### Innleiing

Leveringssikkerheita til små- og mellomstore selskap er svært god, og i dei fleste tilfelle betre enn i dei største selskapa. Det skuldast at lokal tilknyting over lang tid har gitt god kunnskap om nettet, samtidig som lokalt eigarskap har medført vilje til ei betydelig større langsiktigkeit i utbygging og vedlikehald. Surnadal kommune meiner at større selskap vil representere lågare leveringssikkerheit og därlegare beredskap. Dei siste åra med ekstremver er gode eksempel på at leveringssikkerheita for distrikta er fullgod med den nettstrukturen vi har i dag. Derimot er det svært sannsynleg at store nettselskap vil prioritere heilt annleis og dermed redusere beredskapen i distrikta betydeleg. Høyringsforslaget inneholder heller ingen konsekvensutgreiing, noko som er svært uheldig med tanke på at straumnettet er kritisk infrastruktur.

#### Selskapsmessig og funksjonelt skilje

Surnadal kommune er svært kritisk til at kravet som i dag gjeld for selskap over 100.000 kundar, skal gjelde for alle nettselskap uavhengig av størrelse. Kravet om selskapsmessig og funksjonelt skilje er regulert i EUs tredje elmarkedsdirektiv, og bakgrunnen for å unnta selskap under 100.000 kundar er som følgjer:

*«EU vil unngå de uforholdsmessige finansielle og administrative byrdene som et funksjonelt skille medfører for mindre nettselskaper».*

Dette betyr at ein har vurdert nytten opp mot kostnadane ved å innføre funksjonelt skilje for mindre selskap og funne ein negativ kost-nytteeffekt. Surnadal kommune kan ikkje sjå at det er

gjort ei nyttevurdering i forslaget om endring i energilova. Vi meiner difor primært at kravet om funksjonelt skilje må strykast frå lovforslaget, og at behovet for funksjonelt skilje utover krav om selskapsmessig skilje, må utgreiast og dokumenterast nærare.

Surnadal kommune meiner at dagens organisering av nettverksemda i små- og mellomstore selskap både er kostnadseffektiv og rasjonell. Dagens organisering gir mulegheiter for kapasitets- og ressursutnytting av for eksempel datasystem og infrastruktur på tvers av dei ulike forretningsområda. Den byråkratiseringa som det blir lagt opp til i lovforslaget, vil skape vanskar med å utnytte desse rasjonelle faktorane best muleg, og dermed føre til auka kostnadar for selskapa. Auke i kostnadane vil igjen føre til høgare nettleige.

### Kryss-subsidiering

Høyingsnotatet argumenterer for at endring i lovverket knytt til selskapsmessig og funksjonelt skilje skal hindre kryss-subsidiering, og gi mindre behov for tilsyn og kontroll. Det finst ingen dokumentasjon på at kryss-subsidiering er eit utbreidd problem, og NVE har ingen dokumentasjon på at kryss-subsidiering skjer. Nettverksemda vil alltid vere ei form for monopol, og problematikken knytt til monopol vil ikkje forsvinne med større einingar. Store einingar vil utan tvil få betydelig marknadssmakt, og difor nødvendigvis utgjere ei stor utfordring i forhold til tilsyn og kontroll.

### Lågare leveringssikkerheit og därlegare beredskap


Endringane i lovforslaget kan få store samfunnsmessige konsekvensar for Surnadal kommune. Grunngjevinga for dette er at lovendringane i hovudsak vil ramme selskapa som ligg i distrikta. Desse selskapa er lokale berebjelkar for lokalsamfunnet, i tillegg til at dei er ein garantist for god beredskap og leveringssikkerheit. KILE-ordninga er ei incentivordning som prioritærer område med flest hushaldnings- og næringslivskundar. Det inneber at større energiselskap vil prioritere reparasjonar i by og bynære strøk ved større straumutfall, i tillegg til at dei same områda også vil bli prioriterte med tanke på investeringar og beredskapsmidlar. Det vil ikkje bli lønsamt nok å prioritere område med spreidd busetnad.

Myndigkeitene har i fleire utgreiingar understreka at det er betre med nokre overinvesteringar i nettet, enn å møte konsekvensen av eventuelle underinvesteringar. Surnadal kommune meiner at lokalt eigarskap av nettselskapet er helt avgjerande for leveringssikkerheita til våre innbyggjarar. Færre lokale aktørar vil gi redusert lokalkunnskap og større reiseavstandar, - noko som i sin tur vil føre til betydelig svekka beredskap og færre ressursar i distrikta.


### Oppsummering

Forslaga inneber fundamentale endringar knytt til viktig infrastruktur i samfunnet. Difor må forslaga i høyringa etter vårt syn konsekvensutgreiast før dei blir fremja som forslag til endring av lovverket. Surnadal kommune meiner altså at eit forslag til lovendring ikkje bør fremjast før ei slik utgreiing er gjort. Dette gjeld spesielt forslaget om funksjonelt skilje.

Med helsing  
Surnadal kommune



Lilly Gunn Nyheim  
ordførar



Knut Haugen  
rådmann